

Soknerådsmøte i Moster kyrkje tysdag 11.12.2018

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Elin Taranger, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne og Aksel Lygre.

Sak 95 – 2018 Godkjenning av innkalling og møtebok av 20.11.18.

Møtebok godkjend, med stryking av Elin, og endring av etternamn på Mona.

Innkalling godkjend, med fylgjande saker i tillegg: 102, 103 og 104

Sak 96 – 2018 Oppfylging av tidlegare saker.

- Temakveldar våren 2019: 6/3 – fastegudsteneste; 21/3 – årsmøte; 25/4 diakoniutvalet
- Medarbeidarfest 24.01.2019 i Håvik bedehus. Soknerådet kjøper ei stor kake. Elles vart oppgåver fordelte.
- Invitasjon til tur til Estland sommaren 2019. Soknerådsmedlemmene vert oppfordra å melde seg på.
- Oppmerking av parkeringsplass. Fellesrådet syter for at dette vert gjort til våren.
- Soknerådsvalet og andre kyrkjelege val 2019. Aksel informerte.

Sak 97 – 2018 Budsjettframlegg, v kasserar

Budsjettet vart vedtatt med små endringar.

Sak 98 – 2018 Samling med lokalt tilsette 15.januar kl.18:00 – 20:00.

SR 20:00 – 21:30.

Saka vert utsett til soknerådsmøte 15.01.19. Samling med lokalt tilsette vert utsett til 19.02.19

Sak 99 – 2018 Årsmeldinga for 2018.

Me evaluerte punkta «**Oppsummering av innsatsområde og målsettingar** ,» og førebudde vidare handsaming.

Sak 100 – 2018 Høyring om kyrkjeordning. Sjå vedlegg med forslag til svar.

Soknerådet gav sin tilslutnad til framlegg til svar.

Sak 101 – 2018 Referat og meldingar

- Frå møte i fellesrådet
- Utbetring av inngangsparti er gjennomført. Soknerådet har takka Landmark Maskin for vel utført arbeid.
- Giroinnsamlinga. Mona og Aksel kopierer opp fleire giroar og tek rutene som står att
- Skifte av pære i flaumljos. Alt skal skiftast til led-ljos.
- Orgelkomité.
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre
- Soknerådet går inn for å bruke ei julehelsing/ takkeannonse i Bømlo Nytt

Sak 102 – 2018 Lysekroner.

Gamalt pussemiddel øydelegg lysekroner og lampettar. Desse må reingjerast skikkeleg.

Ein må finne ein måte å gjere dette på. Saka vert send til fellesrådet som rette instans. Fellesrådet bør også ha retningslinjer for vaskedugnader i framtida. Særutskrift vert send til fellesrådet ved Mona.

Sak 103 – Forteneste, sal av heller.

Orgelkommitèen føreslår at soknerådet søker fellesrådet om å få overført salssummen av hellene til orgelkontoen i Moster sokn. Soknerådet sluttar seg til dette. Særutskrifta vert sendt til fellesrådet.

Sak 104 – Vippsomkostningar, orgelkonto

Soknerådet tek kostnaden ved gåver på vipps til orgelfondet

Per Harald Gjerde
Skrivar